

Vedlegg 2.

Om forvaltningsmodellen for nasjonalparker og store verneområde

Nasjonalpark-/verneområdestyre

Den nye forvaltningsmodellen inneberer at nasjonalparker, andre store verneområde og verneområde i samanheng skal forvaltast av eit interkommunalt, politisk samansett *nasjonalpark-/verneområdestyre*, seinare omtalt som *styre*, beståande av ein representant frå kvar av dei involverte kommunane i tillegg til ein frå involvert(e) fylkeskommune(r). I område med samiske interesser skal også Sametinget oppnemne representant(er) til styret. Styret skal sørge for ein heilskapleg og kontinuerlig forvaltning på tvers av administrative grenser og innanfor ramma av naturmangfaldlova og verneforskrifta for det einskilde verneområdet.

Vedtektene for nasjonalparkstyret

Miljøverndepartementet viser til at verneområdestyret får forvaltningsansvaret for viktige nasjonale og internasjonale naturverdiar. Dette inneberer at styret i sine avgjerder må leggje til grunn at dei forvaltar området på vegne av nasjonen. Styret skal difor sørge for at dei nasjonale verneverdiane blir ivaretekne som føresett gjennom opprettinga av de ulike verneområda.

Konstituering av nasjonalparkstyret og delegasjon av mynde

Fylkesmannen i Vestfold vil så snart som mogleg etter at styret er etablert, innkalle til det første konstituerande møtet i nasjonalparkstyret. Styret vel då sin leiar og eventuelt nestleiar.

Forvaltningsstyresmakta for verneområda vil bli delegert til styret frå den dagen det blir konstituert.

Faglig rådgjevande utval

Eit tett og konstruktivt samarbeid med dei ymse brukarinteressene i verneområda er naudsynt for å få til ein god forvaltning. Styret skal difor samarbeide med andre involverte partar gjennom eit breitt samansett *faglig rådgjevande utval* beståande av mellom anna grunneigarar, andre særskilt involverte offentlege organ, som til dømes friluftsråd, Skjærgårdstjenesten, næringsliv, friviljuge organisasjonar, som mellom anna natur- og miljøvernorganisasjonar og samiske interesser der det er relevant.

Nasjonalpark-/verneområdeforvaltar

Ein nasjonalpark-/verneområdeforvaltar utgjer sekretariatet for styret. Forvaltaren blir tilsett av Fylkesmannen. Gjennom sin tilknytning til Fylkesmannen sitt fagmiljø vil forvaltaren få tilgang til eit breiare kunnskapstilfang i forvaltninga av verneområda. Tilsettinga av forvaltaren vil skje i nær dialog med styret. Forvaltaren vil vere underlagt verneområdestyret i den daglige forvaltninga av verneområdet. Forvaltaren skal fortrinnsvis ha sin kontorplassering geografisk i nær tilknytning til det/dei aktuelle verneområdet/verneområda. Målet er at forvaltaren skal inngå i eit fagleg fellesskap gjennom oppbygging av lokale/regionale

forvaltningsknutepunkt som, der det er hensiktsmessig, blir knytt til nasjonalparksentra eller andre typar naturinformasjonssentra. Forvaltaren bør primært bli lokalisert saman med andre fagpersonar knytt til verneområdet, som til dømes personell frå Statens naturoppsyn (SNO) og naturrettleiarar. Fjellstyra kan også vere aktuelle partnerar i eit slikt fellesskap. Plasseringa av denne forvaltaren må sjåast i samheng med forvaltninga av andre verneområde, som til dømes Sølen landskapsvernområde. Denne forvaltaren vil og mest sannsynleg få sekretariatsansvaret for Sølen landskapsvernområde.

Etablering av ny forvaltningsmodell

Miljøverndepartementet har som mål å etablere den nye modellen for dei kommunane som ønskjer det så snart som mogeleg. Når styret er på plass, vil tilsetting av forvaltar skje så raskt som mogleg innanfor gjeldande budsjetttrammer. Lokalisering av forvaltningsknutepunkt vil bli drøfta med utgangspunkt i innspel frå mellom anna styret. Inntil knutepunkt er utpekt, vil forvaltaren fortrinnsvis bli lokalisert hos Fylkesmannen i Vestfold.

Nærare om nasjonalpark-/verneområdestyra

Samansetning av styret

Representantar til styret blir valt av kommunestyra og består primært av ein representant frå kvar kommune. Styret bør primært bestå av ordførarar eller andre folkevalte/kommunestyrerepresentantar i kommunen. I tillegg skal fylkestinget/fylkestinga oppnemne politisk(e) representant(ar) frå involverte fylkeskommune(r).

Ved oppnemning av styret er det ein føresetnad at krava til kjønnsfordeling, jf likestillingslova § 21, er lagt til grunn.

Oppretting av styret

Miljøverndepartementet tar avgjersla om å opprette styret. Fylkesmannen i Vestfold og Miljødirektoratet vil hjelpe til i konstitueringsprosessen av styret gjennom innkalling til møter, tilrettelegging for val av leiar osv.

Styret sine oppgåver

Forvaltningsmynde vil bli delegert til styret, jf. naturmangfaldlova § 62 andre ledd tredje punktum. Styret sin oppgåve er å vere forvaltningsstyresmakt for nærare bestemte verneområde. I grove trekk inneberer dette å fatte avgjersler knytt til verneforskriftene, gjennomføring av tiltak som tilrettelegging for bruk, informasjons-, og skjøtselstiltak, og i samarbeid med SNO bidra til lokal forankring i gjennomføringa av tiltaka. Der det er aktuelt, skal styret utarbeide og rullere forvaltnings-/skjøtselplanar. Miljødirektoratet godkjenner slike planar. Styret sine oppgåver kjem fram av vedtektene og av den oversikten over ansvar og oppgåver som departementet har utarbeidd. Miljøverndepartementet vil i samarbeid med Miljødirektoratet og Fylkesmannen bidra med rettleiing og opplæring av styret. Departementet vil seinare kome attende til opplegget for dette.

Klagehandsaming og moglege sanksjonar

Miljøverndepartementet er klageinstans for vedtak avgjort av styret. Miljødirektoratet førebur klagesaken(e). Fylkesmannen kan påklage vedtak avgjort av styret, jf. naturmangfaldlova § 62. Fordi forvaltning av verneområde har som mål å oppfylle nasjonale og internasjonale forpliktingar, skal statlege styresmakter gripe inn dersom forvaltninga ikkje er i samsvar med naturmangfaldlova og føremålet med vernet. Dette kan gjerast ved at statleg styresmakt instruerer styret, omgjer vedtak eller ved at delegert mynde blir trekt attende, jf forvaltningslova § 35 og naturmangfaldlova § 67.

Nærare om tilsetting av forvaltarar og etablering av forvaltningsknutepunkt

Utlysning og tilsetting av nasjonalpark-/verneområdeforvaltarar skal skje innanfor dei budsjетtrammene som ligg føre, så snart styret er etablert. Det skal vere god dialog mellom Fylkesmannen og styret i tilsettingsprosessen. Miljøverndepartementet har utarbeidd informasjonsskriv om korleis tilsetjinga skal skje. Departementet legg til grunn at forvaltarane skal ha god naturfagleg kompetanse. Forvaltaren skal bistå styret slik at forvaltninga av verneområda skjer i samsvar med nasjonale og internasjonale mål og forpliktingar, naturmangfaldlova, verneforskriftene og statlege retningsliner for forvaltning. Forvaltaren sin kompetanse bør om mogleg vere tilpassa dei einstilte verneområda. Det er ein føresetnad at forvaltaren inngår i eit fagmiljø. Det skal difor byggjast opp lokale/regionale faglige fellesskap knytt til nasjonalparksentra eller andre typar naturinformasjonssentra kor forvaltaren får kontorplass saman med andre fagpersonar knytt til verneområdet. Miljøverndepartementet vil ta den endelige avgjersla om kva for eksisterande sentre som skal utviklast til knutepunkt, og kor det eventuelt skal etablerst nye sentra som vil få ein knutepunktfunksjon. Departementet vil ta sin avgjersle om lokalisering av knutepunkt mellom anna på bakgrunn av innspel frå styret.